



Thea S. Taranger, Ida Marie K. Eidsvik og Hanna Tvilde takka flott for gåva til skulemusikken.

Største gåva på 3 mill. gjekk til den nye idrettshallen på Husnes då Sparebank1-stiftinga Kvinnherad hadde gåveutdeling på Husnes i kveld. Største applausen fekk likevel dei tre ungdommane som tok mot gåva på 65.000 kr til Uskedal skulemusikk. Det var heilt fortent etter den flotte takketalen dei heldt.

Det var Hanna Tvilde, Ida Marie K. Eidsvik og Thea Soltveit Taranger som tok mot gåva til skulemusikken. Korpset fekk 65.000 kr til fellesseminar for dei tre skulekorpsa i kommunen neste år. Dei tre 10. klassingane heldt ein flott takketale som dei fordelte mellom seg. Dei tre stilte i raude korpsgensarar som tidlegare er kjøpt med støtte frå stiftinga. Dei representerte framtida i aktivitetslivet i Kvinnherad på ein glimrande måte.



Lovise H. Sunde og Hildegunn Klette Hansen tok mot gåvene til Helgheim.

Uskedal ungdomslag har hatt fleire gode prosjekt i Helgheim som har utløyst gåver frå Sparebankstiftinga. Denne gongen fekk dei tildelingar ut frå to søknader. Dei fekk 20.000 kr til prosjektor og lerret til bruk i Helgheim. I tillegg fekk dei 125.000 kr til nødvendig oppgradering av scenen slik at den kan brukast. Det var Hildegunn Klette Hansen og Lovise H. Sunde som tok mot og takka på vegne av ungdomslaget.

Største gåva her i bygda gjekk til Uskedal idrettslag. Dei fekk 200.000 kr til utstyrsboder ved kunstgrasbanen. Hilde Tungesvik Myklebust, Helene Huse Bjørnebøle og Odd Steinar Arnesen tok mot den flotte gåva og framførte takketale.

Det var desse tre laga med adresse Uskedalen som mottok gåver, men det vart også delt ut rause gåver til andre lag i kommunen som uskedelingar vil ha stor glede av. Største gåva gjekk altså til ny idrettshall på Husnes. Dei 3 millionane er gjevne med reservasjon om at hallen må verta bygd. Alt tyder på at det går greitt. Galeasen Gurine fekk også denne gongen ei stor gåve, heile 1 million, og Rosendal Turnlag fekk 700.000 kr til opprusting av Rosendal stadion. Desse tre prosjekta vart også publikum betre kjent med gjennom kjappe greie presentasjonar.

Gåvene som vert tildelt frå Sparebankstiftinga, er av uvurderleg verdi for aktivitetstilboda og kulturlivet i Kvinnherad. Berre tenk på det fantastiske prosjektet Gurine. Det ville nok ha opplevd ein annan kvardag utan desse gåvene. Turstiar og andre folkehelseprosjekt har også fått eit løft som eit resultat av gåvene. Og då har eg berre nemnt litt!!!



[Odd S. Arnesen tok mot gåva til idrettslaget saman med Hilde T. Myklebust og Helene H. Bjørnebøle.](#)

Under årets tildeling kjørte dei eit nytt opplegg i høve til tidlegare. Eg synes det var vellukka. Eg veit ikkje om det gjekk kortare tid, men eg følte dei 2 timane og 20 minutta det varte, gjekk fortare enn ved dei tidlegare arrangementa. Dessutan synes eg det er flott å klara å dela ut 5,2 millionar til 43 svært glade mottakarar på den tida.

No er det berre å planlegga gode prosjekt og søkja støtte. Styreformann Svein Arne eidsvik lova at dei kom til å dela ut 7 millionar til våren.



Torger Øye og Lars Wang tok mot gåve til Veteranbuslaget saman med Tor Arne Nygaard.

Lista over dei fornøgde mottakarane:

Omvikdalen Bygdekvinnelag, Tiltak i barnehage 10 000
 Husnes Indremisjon, Krik - Nattcup 10 000
 Varaldsøy sanitetslag, Velferd 10 000
 Kvinnherad handballklubb, HU-laget 10 000
 Kvinnherad Buejegerklubb, Buer til barn og ungdom 15 000 Interesselaget Vardhaugselet, Dyrrindo 18 000
 Veteranbuslaget HSD Bilane, Ta vare på Veteranbussane 20 000
 HVØ-Pensjonistlag, Trådløs sender-mottaker og ny PC 20 000
 Kvinnherad Roklubb, Ny påhengsmotor 20 000
 Uskedal Ungdomslag, Kjøp av Projector og screen til bru 20 000 Rosendal Musikklag, fornying av instrument 30 000
 Ænes og Mauranger Bygdalag, Oppgradering av samfunnshuset 30 000
 Løkjelsøy, Kolsøy og Valøy Vel, Verktøy og Utstyr og oppgradering 45 000 Kvinnherad Undervannsklubb, Fyllepanel for trykkluftapparat 45 000
 Rosendal skulekorps, Uniform-kledd ungdom 50 000
 Seimsfoss grendalag, Stølsvegane, stølane og historie 50 000
 Matre idrettslag, Rydding av Postveg -sti frå Åkra til 50 000
 Perlo kajakkklubb, Kursaktivitetar for ungdom 50 000
 Sunde Grendalag, Sunde nærmiljøanlegg 50 000
 Kvinnherad motorsport klubb, Straum til klubbhus 60 000
 Halsnøy Strupeband, Lydutstyr 60 000
 Uskedal Skulemusikk, Felles seminar til Kvinnherad skulekorpsa 65 000 Varaldsøy Sanitetslag, Nytt golvbelegg. 65 000
 Husnes Indremisjon, Ny oppvaskmaskin /oppvasklinje 80 000
 Kvinnherad Røde Kors Omsorg, Sosialt hygge og samvær for eldre 90 000 Kvinnherad Frivilligsentral, Senior, Sykling har ingen alder 90 000 Rosendal Turnlag, Oppgradering av ballrommet. 95 000
 Røyholm Vel, Aktivitetssti på friområde i Neslia 100 000

IL Trio Fotball, 3ar fotball for 6 og 7-åringar 100 000
Turstiar på Sunde, Prosjekt Kaldestadåsen 100 000
Uskedal Ungdomslag, Scene Helgheim 125 000
Rosendal Skulekorps, Blank messing 150 000
Sunde Kyst- og Litteraturesem, Ny kai ved kystkultursenteret 150 000
Røen og Sjøvangen Velforening, Halsnøy Hinderløype 150 000
Uskedal idrettslag, Utstyrsbod på kunst`n 200 000
Fjellhaugen Skisenter AS, Styringssystem til skitrekk 200 000
Omvikdalen Ungdomslag, Oppgradering trapperom, lagerrom 200 000 Trio Idrettslag, 9ar-kunstgrasbane
280 000
Rosendal Turnlag - turgruppa, Skålafjell, sikring av stien frå Åsvodl 300 000 Rosendal Samfunnshus BA,
Parkett i festsalen i Rosendal Samf 300 000 Rosendal Turnlag, Nyetablering & opprusting av Rosend
stadion 700 000 Interesselaget for galeas Gurine, Restaurering av galeas Gurine 1 000 000
Trio Idrettslag, Idrettshall (reservert) 1 000 000

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland